



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-410	21/467

Saksnr	Utval	Type	Dato
119/21	Formannskapet	PS	23.11.2021

Oppstart rekrutteringsarbeid

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Rådmannen har sagt opp si stilling, med fråtreden i byrjinga av februar 2022.

Kommunestyret har bedt formannskapet pluss HTV for dei to største lokale fagforeiningane om å vere tilsetjingsutval i K-sak 074/21.

Aktuelle spørsmål å arbeide med:

- Avtale om å gjere jobben – rekrutteringsbyrå eller anna kommune? Kva krav må ein ha inn i ein slik avtale i forhold til pris, evt. prosess i samband innhald utlysingstekst, arkivering, saksframlegg, innhenting av referansar, publisering, evt personlegdomstesting og liknande. Pris over 100 000 kr/mva – må ha open konkurranse. Om ikkje over 100 000 kr/mva – bør ha moglegheit for konkurranse?
- Plan for publisering – kostnadsramme, avtale med eige byrå om dette?
- Finansiering – inn i budsjett 2022?
- Sekretær for tilsetjingsutvalet?
- Møtegodtgjersle for tilsetjingsutvalet? Formannskap vs. HTV?

Ordførar legg fram notat i møtet.

Forslag til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Formannskapet - 119/21



Fedje kommune

F - behandling:

Saka vart behandla i partssamansett utval. HTV Fagforbundet og HTV Utdanningsforbundet var difor med.

F - vedtak:

Partssamansett utval bestemte følgjande:

Det vert sendt ut på høyring der ein ber om innspel til utlysingstekst frå eldreråd, ungdomsråd, skule, barnehage, kommunehuset, sjukeheim med frist 10/12-21.

Det vert kjøpt rekrutteringstenester frå Alver kommune. Ordførar tar kontakt.

Partssamansett utval har nytt møte i saka 15.12.21 kl.14.00

Ordførar orienterer på heimesidene til kommunen.